

MKR-sak 29/01: KATOLSK-LUTHERSK SAMTALEGRUPPE (KATLUSA)

Saksførehavar: Joar Haga

Dokumenter: Sak 4/01 av referat til TN 03. - 04.01 (vedlagt)  
Foreløpig referat frå møte i KATLUSA 24.04.01 (vedlagt)

#### Bakgrunn:

Den katolsk-lutherske samtalegruppa (KATLUSA) har eksistert i sin noverande form sidan 1992. Då vart arbeidet med dei 3 uttalelsane "Nattverden – Herrens måltid", "Kirkens embete" og "Rettferdiggjørelsen" frå den gamle gruppa sluttført. På grunn av at semje og tilnærming i fleire sentrale spørsmål vart avdekkja og på grunn av eit stadig tettare praktisk samvirke, var viljen til å fortsetje samtalegruppa stor. Det vart tidleg presisert frå medlemmene frå katolsk hald, at pastorale tema burde få ein sentral plass i gruppa sitt arbeid.

Gruppa arbeidde i starten særleg med problematikk knytta til tverrkonfesjonelle ekteskap. Samarbeid om tenester for sjuke menneske, pilegrimsprosjekt og pedagogiske tiltak for formidling av trua er mellom andre sentrale tema i gruppa sitt arbeid. Gruppa har også sett på læremessige sider ved aktuelle framlegg og dokument som har kome frå dei respektive kyrkjene, og i særleg grad arbeidd rundt "Felleserklæringa om rettferdiggjørelseslæren".

#### Eit nordisk initiativ

Etter at Felleserklæringa var underteikna, tok den nordisk – katolske bispekonferansen og den svenske erkebiskopen eit initiativ til ein felles nordisk katolsk-luthersk dialog. Det vart seinare slått fast at ein ikkje skulle ha eit eige nordisk sekretariat for å koordinere dette arbeidet, men at kvart einskild land skulle ha sin eigen prosedyre og rapportere til "primat-møtet" for dei nordiske lutherske og katolske kyrkjene.

#### TN sine innspel til saka

TN peika i haustmøtet på KATLUSA si naturlege rolle i den norske dialogen. På vårmøtet ga TN konkrete råd kva gruppa kunne (ikkje burde/må) arbeide med:

- å arbeide med rapporten *Kirche und Rechtfertigung*
- å lage ei katekisme

- å lokalisere smertepunkt; i.e. spørsmålet om felles nattverdfeiring

TN ber også MKR om ikkje å gje for sterke føringar for korleis KATLUSA skal arbeide. I høve til det nordiske dialoginitiativet, ber TN om at dette blir vurdert i høve til LVF si oppfylgjing av Felleserklæringa. Det står att å sjå om arbeidet i KATLUSA kan vurderast som Dnk si oppfylgjing av Felleserklæringa.

#### **KATLUSA sitt vedtak**

På møtet 24.04.01 gjorde KALUSA vedtak om å starte eit teologisk arbeid med oppfylgjing av Felleserklæringa. Ein vil ta utgangspunkt i Ola Tjørhom sin artikkel "Kirken som frelsens sted" og la spørsmålet om felles nattverdbord vere eit av problemene som gruppa vil ta fatt i.

#### ***Forslag til vedtak:***

- 1) *MKR vil uttrykke glede over at KATLUSA ynskjer å starte teologisk arbeid med oppfylgjing av Felleserklæringa.*
- 2) *MKR vil understreke at samtalegruppa er sjølvstendig i valg av arbeidsform og tema.*
- 3) *Samstundes vil Rådet peike på at spørsmålet om felles nattverd bør ha ein framtradande plass i oppfylgjinga av Felleserklæringa.*
- 4) *MKR vil vente med å vurdere arbeidet til KATLUSA som ei oppfylgjing av initiativet til ein felles nordisk dialog.*

a) Referat frå møte i KATLUSA 10.11.00.

I drøftinga ynskjer TN å halde spørsmålet om oppfylgjing av initiativet til nordisk luthersk-katolsk dialog skilt frå oppgåvene som KATLUSA skal gjere i framtida. TN ber om at Dnk venter med å forstå arbeidet i KATLUSA som ein oppfylgjing av "Felleseklæringen om rettferdiggjørelsen". Men TN vil i høg grad støtte KATLUSA dersom gruppa sjølv meiner at ho er tent med, og at ho har ressursar til, å delta i denne dialogen.

På bakgrunn av drøftinga om kva slag oppgåver TN ser det naturleg at MKR rår KATLUSA til å arbeide med, var det semje om at gruppa kan tenkje over desse punkta:

- Å arbeide med rapporten "Kirche und Rechtfertigung". Resepsjonen av rapporten er ikkje nøydd til å vere tung fagteologisk, men kan ha blikket retta mot den praktiske røyndomen som medlemmene står i. I høve til dette kan ein også sjå om ein kan finne andre metaforer for frelsa som ein kan stå saman om. Det konkrete målet bør vere ei fråsegn.
- Å arbeide med ei luthersk-katolsk katekisme for lekfolket i kyrkjene våre. Eit slikt arbeid kan tolkast som ei vidareføring av "Felleseklæringen om Rettferdiggjørelsen". Her vil det vere naturleg med eit breitt kulturelt sikte.
- KATLUSA kan arbeide med å lokalisere "smertepunktene" i tilhøvet mellom våre to kyrkjer. Her vil det vere naturleg å ta opp spørsmålet om felles nattverdfeiring.

TN ber om at MKR legg vinn på samtalegruppa si sjølvstende og ikkje legg for sterke føringar for kva gruppa skal gjere. MKR bør vente å sjå korleis KATLUSA sjølv avgjer korleis ho vil arbeide.

TN rår MKR til å klargjere kva status det nordiske dialoginitiativet har, og korleis dette initiativet passar med LVF si oppfylgjing av "Felleseklæringen". Korleis ein skal forstå ei eventuell oppfylgjing av det nordiske initiativet kan vurderast utifrå korleis KATLUSA velgjer å profilere arbeidet sitt i tida framover.

**Vedtak:**

*TN ber om at dei momenta som kom fram i drøftinga vert lagde til grunn for MKR sitt vidare arbeid med å gje føringar for korleis KATLUSA skal profilere arbeidet sitt.*



## KATLUSA 3/01      KVA SKAL KATLUSA ARBEIDE MED FRAMOVER?

- Saksdokument:**
- a) Framlegg til TN-sak 4/01
  - b) Referat frå TN-sak 4/01
  - c) Intervju med Kardinal Cassidy og Kardinal Kasper

### *Vedtak*

- 1) *Samtalegruppa ynskjer å starte eit teologisk arbeid med oppfølging av "Felleserklæring om rettferdiggjørelseslæren".*
- 2) *Samtalegruppa vil ikkje binde seg til korleis dette skal foregå, men legg til grunn artikkelen "Kirken som frelsens sted" av Ola Tjørhom som utgangspunkt for å lokalisere tema for vidare arbeid med "Felleserklæringa".*
- 3) *Samtalegruppa vil likevel peike på at ei avklaring av spørsmålet om felles nattverdbord mellom lutheranarar og katolikkar vil vere ein del av arbeidet, i tillegg til dei læremessige sidene "Felleserklæringa" §43 identifiserer som vantar ytterlegare avklaring.*
- 4) *Samtalegruppa meiner at det ikkje er naudsynt å supplere gruppa med meir fagteologisk personell, men at ein kan trekke på teologisk ekspertise der gruppa finn det tenleg.*
- 5) *Rapporten "Church & Justification/Kirche und Rechtfertigung" vert sendt ut som grunnlagsmateriale for det komande arbeidet.*

